

EN HILSEN FRA

# TBV

Trygve Bjerkrheims  
venner

[www.bjerkrheim.no](http://www.bjerkrheim.no)




Velkommen til konsert  
og årsmøte for TBV i  
Misjonssalen, Ålesund,  
laurdag 15. april 2023!

SIDE 3

Gjer ein stans - besøk  
minnesteinen og  
minnestova i Bjerkreim.

SIDE 9



– Mange av TB-songane fortel oss om den «fjellgrunnen» som Jesus er for oss, seier Arnfinn Steinbru. I dag kjenner Arnfinn dei fleste songane i «Himmelbru», og han spelar og syng dei gjerne.

## Fekk TB-songane inn med morsmjølka

**Arnfinn Steinbru må heilt attende til barndommen for å minnst då han først vart kjend med songar av Trygve Bjerkrheim.**

– TB-songar er blant dei som oftast har tona inn i livet mitt, - ja, så lenge eg kan hugse attende. Og Arnfinn lister opp:

- Gud har ein plan med ditt liv
- Det er makt i de foldede hender

– TB-songane minner meg om Guds omsorg og storverk for oss. Dei er til stor trøyst for meg. Eit par favoritt-songane mine er:

– Eg retter to tome hender. Her får me sjå at me har alt i Jesus, me som trur på han.

– Du må rekna med Jesus. Denne songen gjer meg trygg ved at Jesus er med meg kvar ein dag. Begge desse songane refererer til den «fjellgrunnen» som Jesus er for oss, seier Arnfinn Steinbru, frå Kvilldal i Suldal, men no arbeider som prosjektingeniør i Sandnes.

**Meir side 6 og 7.**

# TBV

Trygve Bjerkrheims  
venner

MELDINGSBLAD  
FOR MEDLEMMER  
NR. 14  
November 2022

[www.bjerkrheim.no](http://www.bjerkrheim.no)

## Redaktør av dette bladet:

Kåre Ekroll,  
Gongstø 9,  
4163 Talgje  
Tlf.: 970 27 714

## Adresser:

Formann:  
Harald Myklebust,  
Høgåsen 5,  
5136 Mjøkeråen  
Tlf.: 906 87 024

## Forretningsfører:

Anne Grete Kviserud,  
Kirkeveien 108A,  
0361 Oslo  
Tlf.: 926 88 955

## Revisor:

Oddvar Bø, Oslo  
Tlf.: 480 28 599

## Returadresse for bladet:

TBV,  
v/ Kviserud,  
Kirkeveien 108A,  
0361 Oslo



Eldbjørg Hovda er fortsatt levende interessert i hvordan det går med arbeidet i TBV.

## Takk for stor gave til TBV

**I vår fikk TBV melding om en stor gave, - en minnegave fra Trygve Bjerkrheims niese og nevø i Oslo, søskenparet Eldbjørg og Torfinn Hovda. Torfinn døde for få år siden, mens Eldbjørg nå bor på et sykehjem i Oslo. Ellers var Torfinn hovedarkitekten bak opprettelsen av Trygve Bjerkrheims Venner i 2005.**

I sommer var Mari og Kåre Ekroll på besøk hos Eldbjørg for å takke for den store gaven og overrekke en blomsterhilsen – alt fra styret i TBV.

Eldbjørg som nå er redusert både på grunn av sykdom og alderdom, var synlig glad for besøket og den orienteringen vi kunne gi om siste nytt fra TBV, og hilsenen fra styret.

Hun gav også uttrykk for at pengene måtte brukes slik som styret fant det

best, men nevnte spesielt at Torfinn hadde uttrykt ønske om at noe kunne gå til noe skriftlig om Trygve.

Harald Myklebust, nåværende formann i TBV-styret, ønsker sterkt å understreke den taknemligheten som styret føler for denne store gaven.

- Vi vil gjøre vårt ytterste for å forvalte denne store gaven for å gjøre arven etter TB - og særlig sangene hans, aktuelle og tilgjengelige for nye generasjoner.

I første omgang nevner Myklebust at det vil bli produsert flere innspillinger av tekster/melodier fra Himmelbru, som før ikke er kjent for et større publikum. Denne gaven vil gjøre det mulig for oss å holde TB-arven levende og aktuell i lang tid framover, sier Harald Myklebust.



Frå eit møte i Misjonssalen, Ålesund.

# Velkomne til TBV-årsmøtet 2023 i MISJONSSALEN (Myrabakken) Ålesund

Laurdag 15. april kl. 16.00, i Misjonssalen, Spjelkavikvegen 132, 6010 Ålesund

- Pandemien er over, og trongen til å kome saman om det som er verdtt å leve for, må takast vare på.
- Vi i Trygve Bjerkrheims Venner (TBV) har med den eminente songboka: **HMMELBRU**, ei utfordring:
  - Den Kristus-sentrerte poesien og songen, som Trygve Bjerkrheim var den STORE penneførar av, den må ikkje bli sett til sides - i ei tid der lovsang og gospel på ulike vis er den rådande songen i forsamlingane våre.
  - Her finn vi sunne evangeliske tekstar, der heile Guds fullnad får kome fram.
  - Desse tekstane treng vi også i dag - til vekking og nytt liv - inn i ei tid som hungrar etter livsmot og mening med livet.
  - I desse tekstane kan ein finne nåde og fred med menneske, og med Han som elsker oss ALLE med sin uendelege kjærleik: Jesus Kristus!

**Kl. 1600: Årsmøte med årsmelding, rekneskap og val**  
**Kl. 1800: Enkel servering**  
**Kl. 1900: STOR Song & musikkveld med div. artistar**

I styret for TBV sit ikkje mindre enn 5 tonesetjarar av TB sin songar, som alle ivrar etter å føre TB-songane vidare ut, - både via klassiske melodier, men også i nye musiske uttrykksformer!

**«Kristus er svaret på verda si gåte».**

Sett av denne dagen, første helga etter påske. På fredagen og søndagen vert det TBV-samvær 2 andre stader på Sunnmøre. Det kjem vi tilbake til.

Med beste helsing – og vel møtt!

Harald Myklebust  
TBV-leiar



A portrait of Harald Myklebust, an elderly man with white hair, smiling. He is wearing a blue and white checkered shirt under a dark vest.

**HARALD MYKLEBUST**

**SONGAPPELL UNDER TBV-ÅRSMØTET I MARS-22**

## **SONGENS** musiske krefter og **POESIENS** verbale grensesprengning

**... forankrar sjela i verdier, – som bind saman.**

- Syng for Gud med takk i hjarta, oppfordrar Harald Myklebust oss til å gjere i denne artikkelen.  
Foto: Arnt Thyve

- Då våre nasjonale kjensler braut seg fram på slutten av 1800-talet, SONG vi !
- Då vårt sjølvstende i 1905 vart ein løyndom, SONG vi !
- Då vekkingsrørsla spreidde seg rundt om i landet vårt, SONG vi !

Alt dette etter inspirasjon frå Davids tid, då paktkista vart henta, med songarar og instrumentalistar som stemte folket til fellessong.

Eller då Esra leste frå «lovboka», om utferda frå Egypt, – som skapte ei massebegeistring i folket så dei song med jubel:

*«Reis dykk og lova Herren, dykkar Gud, han som er frå æve og til æve. Ja, lova vere ditt herleg namn, som er opphøyd over all lovprising.»*

Når vi så ser at Bibelen talar til oss gjennom poesien sine mange uttrykk, NB:1/3-del, det som vert sagt «mellom linene», gjerne i musisk drakt, skjønar vi at songen fylgde Guds folk. Salmene i Bibelen (150), er henta frå fleire songbøker, - og Jesus Kristus som av sedvane gjekk i synagoga, song, jamvel i den første nattverden han innstifta: «*Då dei hadde sunge lovsongen... gjekk dei ut...*» ....

Paulus vidarefører denne tradisjonen og slår an i nokre av breva sine Kristushymner, – som han let lyde sjølv i sine fengselsopphald.... Og songen, både i urkyrkja, oldkyrkja, gjennom mellomalderen og renesansen, fekk eit løft i og ved Luthers reformasjon, som via ortodoksien og pietismen sine mange forfattarar, ikledde Evangeliet med sterke lyriske tekstar. Det heile som eit ekko frå fengselet der Paulus til Kolossarane seier det så treffande godt og klart:

*«Lat Kristi Ord har rikeleg rom hjå dykk, så de med visdom kan lære og rettleie kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta.» (Kol 3,16)*

Du skal ikkje lese mykje i Openberringsboka - om det evige målet Guds folk er kalla til, før du møter det kanskje mest sentrale element i tilbeding av Guds Lam: Jesus Kristus: – **SONGEN**...«*Kan du syngje den nye songen ???*»

Som aktive vidareførarar av det Trygve Bjerkheim så raust og rikt har gitt og vist oss gjennom alt han har skrive, så er det **den himmelske lovsongen** vi her i livet får øve oss på.

# Dei framfører gjerne Bjerkrheim-songar



*Ashild Aadland og Jo Sølve Dalane, med sine tre barn, er busette i Årdal i Ryfylke. Dei har i mange år delteke på møte og samlingar med song og musikk.*


Ashild spelar piano medan Jo Sølve får fram ein herleg og var klang på mandolin sin. Nyleg var dei m.a. med på songmøte med TB-songar på Lura bedehus i Sandnes:

- Vi synest at Bjerkrheim-songane formidlar evangeliet på ein god måte, samstundes som dei gjev trøyst, von, oppmuntring og glede, seier Ashild og Jo Sølve. - Det er meningsfullt og oppbyggjeleg å få vera med på å syngje og formidle desse tekstane, tonesett med gode melodiar, legg dei til.



*Finn Kjerpeseth (t.v.) og Ragnar Dirdal har sunget duett sammen i flere år.*

De har deltatt på flere TBV-sangmøter i Rogaland, og begge setter stor pris både på innhold og form i TBs sanger. Ikke minst er de glade for mange ukjente sanger som nå er blitt presentert i TB-sangboka «Himmelbru» - til flotte nykomponerte melodier.



*Ida Celine Dirdal er fra Sandnes/Ålgård, og hun var også med på TB-sang-møtet på Lura Sandnes nylig. Ida Celine har også tidligere spilt på flere TB-sangmøter.*

Ida Celine er en ung (21 år), fremadstormende fiolinist som nå tar masterstudiet ved Norges Musikkhøgskole (NMH). Hun begynte tidlig å spille og har gått gradene fra Sandnes Musikkhøgskole via studier ved Universitetet i Stavanger avd. kunst/musikk til batchelor eksamen ved NMH, Oslo, tidligere i år.

Ida har i mange år vært med bestefar Ragnar, på møter, julekonserter e.t.c. - helt fra hun var liten jente. Ida Celine er glad i kristen sang og musikk.



*Nancy Karine Sangolt, er frå Konsmo, men bur no i Norheimsund. Ho er også med i TBV-styret:*

- Når melodi og rytme vert kombinert med ein god tekst er dette ei gåve ein må bruka. Å syngja om Jesus byggjer opp og inspirerer. Ein kan ikkje lata vere då, seier Nancy Karine.

## TB-SONGANE:

# – Dei har tona inn i livet mitt

Tekst og foto: Kåre Ekroll

**Arnfinn Steinbru fekk TB-songane så å seie inn med morsmjølka. Men ikkje berre i barndomsheimen, også på bedehuset heime i Kvilldal. Og no har Arnfinn sjølv blitt ein ivrig TB-songar. Dei siste åra har han vore med på fleire samlingar for å syngje TB-songar.**

– Det var mykje god song og musikk både i familien min og på bedehuset i Kvilldal. Det begynte nok med at eg tidleg vart sendt på musikkskule for å lære orgel. Via dette kom interessa, og snart fann eg ut at song og musikk rett og slett var kjekt, og det gav meg mykje. Snart song vi søskena fleirstemt.


Slik fortel Arnfinn korleis songen og musikken etter kvart vart ein viktig del av livet hans.

### BLEI MED I FORSKJELLIGE KOR

Etterkvart flytta eg utover til Jæren og blei med i forskjellige kor. Eksempelvis ungdomskor og koret Hananja på Varhaug, mannskoret Jubal på Elim,

Koridè i Indremisjonforbundet. Eg fekk og vere med å lage til et lokalt kor i Kvilldal for jul – Ungdomsjulekoret.

I 15 år budde Arnfinn på Varhaug, der mor hans kom ifrå. Her fekk han seg eit par mentorar som og gav han interesse og hjelp til å starta med piano. Dette blei ei ny musikkglede for Arnfinn. Og frå den tida har mykje av musikklivet hans handla om piano og song brukt i kor, grupper, duettar, forsongarteam - og av og til sjølvstendig reisande på møte rundt om i Rogaland. Mellom anna har Arnfinn vore med på fleire song-kveldar med Trygve Bjerkheim-songar. Og det kan virke som han mest kjenner og



er klar til å syngje alle songane i «Himmelbru».

### – MEN KORLEIS KOM TB-SONGANE INN I LIVET DITT?

– Då må eg heilt attende til barndommen min - på møte, ungdomstreff og barndomsheimen. TB-songar er jo mange av dei mest vanlege som har tona inn i mitt liv, - så lenge eg kan hugse. Og Arnfinn lister opp:

- Gud har ein plan med ditt liv
- Det er makt i de foldede hender
- Takk at du tok mine byrder
- Han tek ikkje glansen av livet
- Det finns ingen grunn til mismot
- Det strøymer ei livselv av lukke



Arnfinn Steinbru i aksjon på eit TB-song-møte på Lura bedehus i Sandnes i haust.

På Lura bedehus var og Ida Celine Dirdal med å spele til felles-songen og til fleire av aktørane denne dagen



**- KVA INNTRYKK HAR DU AV DESSE SONGANE, - HAR DU NOKRE FAVORIT-TAR?**

- TB-songane minner meg om Guds omsorg og storverk for oss. Dei er til stor trøyst for meg. Eit par favoritt-songar er:

- *Eg retter to tome hender.* Her får me sjå at me har alt i Jesus, me som trur på han.

- *Du må rekna med Jesus.* Denne songen gjer meg trygg ved at Jesus er med kvar ein dag. Begge desse songane refererer til den «fjellgrunnen» som Jesus er for oss.

**- DU BRUKAR «HIMMELBRU», KVA INNTRYKK HAR DU AV BOKA?**

- Himmelbru er ei fantastisk bok! Ei bok full av songskattar. I tillegg til dei mange flotte og kjende songane, inneheld denne boka også mange songar som TB har skrivne som ikkje den «vanlege» kvinne og mann kjenner

frå før. Eg har oppdaga mange nye, gode tekstar og melodiar i denne flotte boka.

**- KORLEIS TRUR DU FLEIRE UNGE KAN FÅ «SMAKEN» PÅ TB-SONGANE?**

- For det første trur eg at vi må bruke dei på dei vanlege møta våre. Dette gjeld

generelt også gamle, gode sangboksongar. Sjølv tenkjer eg det er fint med ei god blanding av nye og gamle songar i forsamlingane.

Ein måte å få sangboksongar fram i lyset igjen, er å setje nye arrangement til dei, - det trur eg kan «blåse» nytt liv i mange songar.

Det er mange allerede som lagar nye arrangement på «gløymde» tekstar og bruker desse på møte og arrangement. Det er flott! Nye arrangement trur eg vil gjere det enklare å nå fram til fleire unge, oppfordrar Arnfinn Steinbru.

**Personlege data:**

- Arnfinn Steinbru født 1975.
- Gift med Torborg Middelthon Steinbru
- Har 2 gutar.
- Født og oppvaksen i Kviddal i Suldal kommune
- Bur nå i Sandnes
- Arbeider som prosjektingeniør innen automasjon i OneCo Technologies AS



Styret i TBV, frå venstre: Sigrd Karine Belt, Harald Myklebust, Vilhelm Gravdal, Nancy Karine Sangolt, Kåre Ekroll, Ragnar Dirdal og Arnt Thyve. Foto: Arnt Thyve.

# Styret i TBV – ein presentasjon

**HARALD MYKLEBUST** fødd i Ørsta inn i ei kyrkje- og misjonsblad-familie der songen og musikken hadde ein rikeleg plass. Gjekk Vestborg handelsskole, Konservatoriet i Bergen, Volda lærarskule, tok master i Musikkpedagogikk ved Bergen lærarhøgskule. Har jobba i grunnskulen (Kvinesdal) som musikk lærar og organist, Hurdal Verk fhsk., Bibelskolen Bildøy, Ålesund fhsk., og NLA Lærarhøgskole. Har vore red. eller medansvarleg for fleire songbøker, melodibøker og song- & salme-leksikon. Var med i arbeidet med Concordia som instruktør, og

ein periode ansvarleg for både kurs, noteforlag og tidsskrift. Dirigent, songar og tonesetjar. Harald er nå formann i TBV. Heimeadresse: Høgåsen 5, 5136 Mjølkeråen.

**ARNT THYVE** kommer fra Oppdal, men er bosatt i Bergen. Han jobber som organist, og spiller med forskjellige kor i Bergensområdet. Har vært pianist i 5 Staute, og engasjert i Salem i Bergen de siste 20 årene. Han er glad i sangskatten fra bedehuset, og skriver litt melodier selv. Liker å akkompagnere sangere.

**NANCY KARINE E. SANGOLT** er busett i Norheimsund og arbeider i kulturskolen i Kvam. Ho er aktiv i kyrkjer og bedehus lokalt: syng, og spelar både piano og kyrkjeorgel, samt dreg i tråder for å halda liv i musikken på bedehuset der ho er aktiv. I tillegg brenn ho for variert musikk i bedehuskretsar, men med fokus på tekstleg innhald. Ho har dirigert ein del ungdomskor og barnekor tidlegare.”

**SIGRID KARINE BELT** er busett i Bergen og arbeider som psykolog ved Barne- og ungsompsykiatrisk



poliklinikk på Betanien i Fyllingsdalen. På fritida er ho er aktiv i Salem misjonskirke og Kleppe bedehus med lovsangsarbeid. I tillegg syng ho i Bergen Filharmoniske Kor. Ho er glad i å formidle sangskatten til Trygve Bjerkrheim.

**KÅRE EKROLL**, frå Engesetdal, Sunnmøre, har vore tilsett i Misjonssambandet det meste av sitt yrkesaktive liv. Han kjende TB personleg frå tida i Oslo. Begge har dei vore redaktørar av Utsyn i ei årrekke. Ekroll vart med i det første styret for TBV i 2005, og var seinare formann i ein 10-års periode. Han var og med på å ta initiativ til songboka «Himmelbru». Han bur no på Talgje i Ryfylke, og er glad for å vere med å gjere TB-tekstane kjære og kjente ved å arrangere konsertar/ song-kveldar rundt om i landet.

**VILHELM GRAVDAL** (1: vararepr. i TBV) er mjølkebonde i Gravdal, Strandebarm, og lærar ved Norheimsund Friskule i Kvam. Tidlegare lektor ved Lyngdal Jordbrukskole / KVS-Lyngdal og leiar for styringsgruppa for Lyngdal landbruksmuseum. Har m.a. gjeve ut songsamlinga Dine fedrars Gud (1999) og var medarbeidar til utgjeving av slektsboka Meidell-slekta (2000) og songboka Himmelbru (2018).

**RAGNAR DIRDAL** (2. vararepr i TBV): Bedriftsøkonom, selvstendig næringsdrivende. Kristen sang og musikk har vært hans store lidenskap gjennom hele livet. Har gjennom mange år deltatt med sang til eget pianoakkompagnement i Stavanger-Sandnes området. Har de siste årene vært medlem av styret i TBV og vært med i komiteen for tilrettelegging og utarbeidelse av TB-sangboka «HIMMELBRU». Har tonesatt flere TB-tekster.



Minnestøtta over Trygve Bjerkrheim reist like ved barndomsheimen i Bjerkreim, 30. okt. 2016.  
Foto: Kåre Ekroll

Johan Bjerkreim framføre TB minnestova i heimetunet i Bjerkreim.



## Minnestein og minnestove

Køyrer du på E 39 forbi Bjerkreim i Rogaland, så ta deg tid til ein avstikker mot bedehuset og kyrkja. Forbi bedehuset og over brua, og straks før du kjem til barndomsheimen til Trygve, vil du finne minnesteinen over Trygve Bjerkrheim, som vart avduka 30. oktober 2016.

På plata som er fest til minnesteinen, står desse to songstrofene, som begge er typiske for det som TB så sterkt ønskte å formidle:

- *Det er nok det som Jesus gjorde*
- *Det er makt i de foldede hender*

I tilknytning til barndomsheimen har Johan Bjerkreim reist ei minnestove, der han har samla mange verdifulle gjenstandar/ minne etter diktaren. Bank på, eller slå på tråden (975 62 919) til Johan, - er Johan heime, vil han meir enn gjerne opne døra!



# 327 Over graven skinner håpet

T: Trygve Bjerkheim før 1994

M: Elisabeth Lillebø Sæth 2017

C F/C C C/E F G/F C

O-ver gra-ven skin-ner hå-pet. Når vi tror på Je - sus Krist. At-ter

5 F C/E F D/F# Gsus4 G C/E

skal en pås-ke - mor-gen li-vets sei-er gi til - sist. Han i

9 F C E sus4 E7/G# Am Am/G

lys gikk frem av gra-ven, da vår død for-and-ret ble. Nå den


13 F C/E Am Dm G7 C

er for oss en vin - ning. Det vi skal en gang få se. \_\_\_\_\_

Han tilintetgjorde døden,  
brøt dens brodd, hvor det er stort!  
Nå den kan ei mer oss skade  
på vår vei til himlens port.  
Han som gir oss håp vi trenger,  
håp i natt, og håp i nød,  
håp i frykt for alt som truer,  
håp i liv og håp i død.

Bare Jesus gir oss seier,  
han som døden overvant.  
Vi ei lenger er dens bytte,  
ved hans død vi livet fant.  
Jesus Krist er livets herre,  
Hans oppstandelse er vår.  
Vi skal også triumfere,  
vi som leges ved hans sår.

## PERLER I HIMMELBRU



Elisabeth Lillebø Seth har sett melodi til 12 sanger i «Himmelbru».  
Foto: Linda Torkelsen/Norea

## «Over graven skinner håpet»

**Du har vel skaffa deg songboka HIMMELBRU? Her er 411 viser, sanger og salmar, originale og omsette, av vår store bedehus-poet på 1900-talet, Trygve Bjerkheim (TB).**

Av Harald Myklebust

Over 100 av songane i Himmelbru har ikkje vore tonesette før, men no har fleire unge kome med sine melodiar, til TBs sentrale evangeliske tekstar.

Her vil vi knyte nokre ord til ei av perlene, både tekst og melodi, som tidlegare misjonær og no informasjonsskonsulent og koordinator for Norea Håpets Kvinner, Elisabeth Lillebø Sæth, har tonesett.

Ho opplevde å få eit dikt skrive til seg med TBs grønne penn.

### ELISABETH FORTEL:

«Disse små korte versene i «OVER GRAVEN SKINNER HÅPET» er så fulle av håp, glede og seier, - og jeg ønsket å gi dem «vinger», en lett og lys tone som kunne understreke at selv om døden kan kjennes endelig, er den bare starten på det som venter.»

Og nettopp himmelen kjem svært ofte inn mot slutten av songane til TB. Men vegen dit går via Golgata, (t.d. «Takk at du tok mine byrder»), der Jesus gav sitt liv for ALLE som treng nåde - utan atterhald. Så er det den tome grava.

Og her er vi ved ein av TBs sterke påskemorgon-sanger, som Elisabeth Lillebø Sæth har gitt ein inderleg, varm - og slitesterk melodi, - som etter å ha fått sunge den inn, vil leve i sinnet, for den er så smittende, - slik som strofene:

*«Han i LYS gikk frem av graven.... Han som gir oss HÅP vi trenger.... Jesus Krist er LIVETS HERRE...».*

(NB! Sangen/Noten er gjengitt på side 11.)